



Olje- og energidepartementet  
Postboks 8148 Dep  
0033 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2313

## Vindkraft til havs - Merknad til høyring på rettleiar for arealtildeling, konsesjonsprosess og søknader

---

**For å sikre berekraftig utvikling av havenergi i våre sjøområde bør det vere krav om å leggje til grunn sentrale miljørettsprinsipp. Regjeringa bør vurdere korleis kunnskapsgrunnlaget knytt til naturmangfald kan sikrast på overordna nivå, slik at dette kan gi føringar inn i konsesjonsprosessane.**

---

Statsforvaltaren viser til høyringsdokumenta knytt til arealtildeling, konsesjonsprosess og søknader for vindkraft til havs.

Forvaltning av ressursane til havs er regulert gjennom havenergilova med forskrift. Føremålet med lova er å leggje til rette for utnytting av fornybare energiressursar til havs i samsvar med samfunnsmessige målsetjingar, og for at energianlegg blir planlagde, bygde og disponerte slik at omsyna til energiforsyning, miljø, tryggleik, næringsverksemd og andre interesser blir teke vare på. Forvaltninga av dei fornybare energiressursane til havs kan bidra til å nå FN sine berekraftsmål.

I følgje havenergilova skal havområde opnast av Kongen i statsråd før tiltakshavarar kan søke om konsesjon til fornybar energiproduksjon. Området skal deretter delast i mindre utlysingsområde, mellom anna ut frå maksimal installert effekt. Høyringsdokumenta omfattar ein rettleiar som skal regulere prosessen *etter* at eit område er opna for at aktørar kan søkje konsesjon, og viser forslag til endringar i lov og forskrift. Eit tema i høyringa er krav til kompetanse hjå aktørar, selskap eller konsortium, for at dei skal kunne vere med i storskala utvikling av vindkraftverk i norske havområde. Prekvalifisering skal sikre at dei har tilfredsstillande teknisk kompetanse og finansiell kapasitet, og oppfyller relevante krav til helse, miljø og tryggleik.

Det er lagt opp til følgjande fasar i konsesjonsprosessen :

- Utlysing.
- Prekvalifisering.
- Tildeling av utlysingsområde.
- Tildeling av areal – Fastsetting av utgreiingsprogram.



Sjølve konsesjonsprosessen for eit føretak startar med melding om eit prosjektspesifikk utreiingsprogram, høyring, fastsetting av program og utarbeiding av konsekvensutgreiing. Konsesjonssøknad skal sendast inn i løpet av to år. Som vilkår i ein eventuell konsesjon vil det bli krav om detaljplan. Konsesjonssøknader skal vurderast opp mot andre samfunnsinteresser, som arealkonflikt med forsvar, skipsfart, fiskeri- og petroleumsinteresser og naturmiljø.

Rettleiaren del II har detaljerte krav til konsesjonsprosessen. Det skal utarbeidast konsekvensutgreiing med verknader for miljø og samfunn. Denne skal ta utgangspunkt i tilgjengeleg informasjon. Om det manglar nødvendig kunnskap, må denne innhentast i prosessen.

I vedlegget er det vist til lover og forskrifter som er særleg relevante for saksområdet. Konsekvensutgreiinga skal skildre verknader på miljø og samfunn, som vassmiljø, fugl, fisk, naturtypar og naturmangfald, påverknad på økosystemtenester, friluftsliv, forureining og klima. Konsekvensutgreiinga skal etter det vi forstår vere del av konsesjonssøknaden.

### **Merknader**

Statsforvaltaren vil avgrense sine merknader til spørsmålet om korleis FN's berekraftsmål og omsyn til naturmiljø skal ivaretakast i prosessane knytt til storskala utbygging av vindkraftverk i våre havområde. Vi legg til grunn at spørsmålet om prekvalifisering blir følgt opp med tydelege krav om nødvendig kunnskap og kompetanse knytt til natur og miljø.

Vi rår til at kap. II i lov om naturmangfald – *Alminnelige bestemmelser om berekraftig bruk* vert i innarbeid i styrande dokument for forvaltninga av våre havområde. Dette vil leggje betre grunnlag for å sikre berekraftig utvikling av havvindanlegga, og at viktige miljørettsprinsipp vert lagt til grunn.

Det blir krav om å utarbeide konsekvensutgreiing som del av konsesjonsprosessen. Etter det vi forstår vil regjeringa utarbeide ein ny strategisk konsekvensutgreiing for utviklinga, jf. St. meld 36 (2020-2021) *Energi til arbeid – langsiktig verdiskaping fra norske energiresurser*. Statsforvaltaren legg til grunn at konsekvensutgreiingar knytt til forvaltning av havområda ikkje får lågare krav til fagleg innhald og prosess enn det som gjeld på land, jf. krav og standard i plan- og bygningslova og konsekvensutgreiingsforskrifta.

Statsforvaltaren vil peike på at det er viktig og nødvendig å byggje opp tilstrekkelege kunnskapsgrunnlag knytt til naturmangfald, marine økosystem, spesielt sjøfugl og trekkruter for fugl. I framtidig forvaltning av våre havområde vil dette vere viktige tema. Pågåande forskingsprogram, som til dømes Seapop og Seatrack, er viktige for å levere nødvendig kunnskapsgrunnlag. Ein bør likevel vurdere konkret visjonar knytt til framtidig utnytting av sjøområda til havvind, og om det vil krevje ressursar til overordna undersøkingsprogram med tidsseriar som går over fleire år. Statsforvaltaren vil oppmode OED om å vurdere korleis ein skal få eit solid og tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, der omsyn til føre-var, og samla belastning på økosystem står i sentrum. Opplegget med å knytte kunnskapsinnhenting til prosjektspesifikke utgreiingsprogram er etter vårt skjønn ikkje tilfredsstillande, vurdert både ut frå ein geografisk og ein tidsmessig tilnærming.

Med helsing

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

Eline Orheim  
sesjonssjef



*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Klima- og miljødepartementet

Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485 TRONDHEIM

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO